

Undervegs evaluering pandemikoordineringsgruppa pr mai 2021

Vedtak SU sept 2020: Sjølv om det ikkje er gjennomført ei øving slik det var planlagt for, vil det likevel vere naudsynt å gjennomføre ei undervegs-evaluering av koordineringsgruppa sitt arbeid gjennom dei månadane me har hatt ein pandemi. I ei slik undervegs-evaluering bør det også vurderast om særavtalen har;



- bidratt til å gje innbyggjarane nødvendig helsehjelp under ein influensapandemi
- sikra ansvarsforhold og rutinar for samarbeid mellom kommunar og sjukehus

Arbeidsgruppa som fekk i oppdrag å leggje til rette for evalueringa (rep frå kommunane i dei 4 utvala, Helse Berge(HB), Haraldsplass Diakonale sykehus (HDS), Statsforvaltar og Samarbeidssekretariatet (SSe)) tilrådde å gjennomføre ei evaluering der målet var å sjå om det var forbetningsområder som koordineringsgruppa kunne ta med seg i vidare arbeid framover. Det pågår for tida mykje rapportering/evaluering, og ein ønskte ei kort tilbakemelding og ikkje ei omfattande evaluering som eventuelt kan komme seinare.

Det vart sendt ut epost (26.05.21) med spørsmål til 18 kontaktpersonar i kommune (dei som vart meldt inn til Helse Bergen før møte 10.02.20) i tillegg til 1 i Helse Bergen (HB) og 1 på Haraldsplass diakonale sykehus (HDS). Samla spurde vart då 20.

Respons: 11 av 20 har meldt attende. Alle 4 SU områda er representert samt både HB og HDS.

Spørsmål 1

- I kva grad har koordineringsgruppa bidrege til å gje innbyggjarane nødvendig helsehjelp i pandemien?

I liten grad (1)	I noko grad (6)	I stor grad (4)
x	x x x x x x	x x x x

Spørsmål 2

- I kva grad har koordineringsgruppa bidrege til å sikre ansvarsforhold og rutinar for samarbeid mellom kommunar og sjukehus?

I liten grad (1)	I noko grad (0)	I stor grad (10)
x		x x x x x x x x x x

Spørsmål 3

- Har du innspel til tiltak som kan leggje til rette for meir samarbeid/samhandling gjennom koordineringsgruppa framover?

- Utarbeiding av felles rutiner og retningslinjer ved ulike hendingar

- Fortsette med at alle parter kan spille inn saker, og fortløpende ta vurderinger. Kanskje heller ikke nødvendig med ukentlige møter fremover nå som pandemien går inn i en ny fase.
- Innkalling og referat må alltid sendast både deltakarane i pandemikoordineringsgruppa og dei kontaktpersonane rundt om i kommunane som ikkje deltek. Opplever at den kommunikasjonen og dei møtene me hadde etablert lokalt i Voss/Hardanger/Kvinnherad smuldra bort i pandemien ma pga deltakinga i koordineringsgruppa.
- Viktig med intern koordinering både i sjukehus og kommuner, slik at de som møter i Pandemikoordineringsgruppen, har en forankring.
- Koordineringsgruppen har fungert godt, men det har vært problematisk med stadig nye ukloke føringer frå nasjonale helsemyndigheter.
- Både kommuner og helseforetak skal forholde seg til gjenåpning av samfunnet, kanskje det bør ses på muligheten for å samhandle gjennom dette. Hvordan forholde seg til de ulike tiltakene. F eks avvikling av luftveislegevakter, screening av pasienter som overføres institusjon i kommunene, avvikling smittetransport, samhandling om vaksiner, smittevernutstyr osv.
- Alle skal på et tidspunkt revidere pandemiplanen sin, og dette kan også være et aktuelt tema.
- Hvis kommunene skal la seg representere videre i koordineringsgruppen, så er prosessen både i forkant og etterkant av møter viktige. Dette har fungert bra til nå, med innhenting av informasjon etter et forutsigbart skjema, samt gode referat som kommer ca 2 dager etter møtet.
- Me opplever at denne type koordinering har høg verdi i krevjande tider kor me som liten kommune er sårbare vedr. ressursar (koordinering utover kommunegrensar), samt informasjonstilgong (mange vil lure på det same – spørsmål og svar kan delast på effektivt vis)
- Representantane i koordineringsgruppa har levert på øvste hylle! Det vil komme hendingar i framtida av liknande art, ynskjer difor å melde at dette har vore ei god og viktig erfaring for arbeid framover.

Samarbeidssekretariatet (SSe)

13.06.21